

NORSK ETNOLOGISK GRANSKING

Emnenr. 5 Fylke: *Joan & Fjordane*
 Tilleggsspørsmål nr. Herad: *Narisdal*
 Emne: *Vannboring* Bygdelag: *Åsedalene*
 Oppskr. av: *M. Gallid* Gard: *Gallid*
 (adresse): *Narisdal 9. fj.* G.nr. 147 Br.nr. 1.

A. Merk av om oppskrifta er etter eiga røynsle.

B. Eller om den er etter andre heimelsmenn: (ta også med alder, heimstad, yrke):

SVAR

1. Å bera heim vatn med vats-selo var den vanlegaste måten å få vatn til húsar, frå den tid nokon kan minnast til vatorøyn vart å få, og vats-sping innlagd.

Vats-selen var oftast vel fyre-seg-gjord so han hadde godt til herdane og Ming kalna.

Vats-seleroane var helst av tre-sine-. Og upphald av midjev-trele, "snara", fredd gjennom eit "ainga" i kroken og knytt i ein jarving som var hekpa i ein kring, driven frå innersida ^{gjennom} på yste vats-selarmane og ryste på oversida. ^{var og brukt.} Upphald og kross av jam
 Det var vel i tidi midlom 1910 og 1920 at dei fleste slutta med å bera vatn o. a. i krossar.

Sp. 2. Deri nemnde måten
med å bera vater i så-
kar - Njemis eg ikkje til.

Men eg minnst at beste
får køyde vater i ein
stor så - ca 2 timmar - og had-
de lok på får at vater ik-
kje skulde "skvampa" over.

Men det kunde berre ein
vinteren når bettane (brøn-
nane) var frosne, og ein
køyde på slede på snøfjane.
Eg kan minnst namne
Wass-så. Men ein det
bydde anna enn derne
så - en, mit eg ikkje.

med Skjelki bar
ein ~~W~~ vass-sele frå gar-
flora (sunnarjaset) i båt-
elles ambarar.

Sp. 3. Nanna ein skild ski
for føring av vater eller
anna lev eg ikkje høyst
gje. Men skijelken -
liten slede på sva ski-
nar vanleg brukt til dals
i mykje snø, til å
drage ved + og elles varor
frå bygdi på.

Det var gjerne litt brude
og stode ski ein laga
til å ha under skijelken.
Kanskje og brukte ski som
ein botte var for tinger å gå på.

2 3

Vannbering.

Sp. 4.

Tennarane var det vel som helst bar vatn. Drenge og berne. Og so sjettegitane - framande eller egne barn. Minst var det nok kona som bar vatn. Og på smågardar utan særmarhjelp var ho nok den som helst bar vatn, med hjelp av barna.

Sp. 5. Det er ~~no~~ praktisk lurt slutt på vannbering heile året her i bygdene no. På ca 40 gardar i Ringebu her vit eg ikkje av minn er itt brukt som innve hev innlagt spring i fjäset. Og 4-5 som ikkje hev i stovhus.

Her på garden er det no 45 år sidan det var innlagt vatn både i fjäs og stovhus. Eg minnst at får seldt i Kvige for 40 kr. og for dei pengane kjøpte han rågn. Og ein av granname, Olaf Espe (han var den fyrste som la inn) hjelpte til med rågnleggjearbeidet. Han var so interessert i

4

dotte nye feltaket. Og gjorde
visselig til at det kom so
paas tidleg til eit skippe
i smetaden for vatobegrepda på
mange gardar her ikring.

— Han skrivt hinnen søgn,
og var med og la dei ned.

— Na er kvar mann sin
røyntegjær og gjer arbeidet
med dei faste falki på
garden.

Sp. 6. Det hender at beu-
kane vert bome for vatn,
elles søgnene frys i lange
kuddelokkar. Og då må ein
til å høgra vatn. Det er
kitt på slide- i pinner
elles store transparksparv.
I gamle dagar brukte ein
nær omis å beru i det høve
at brunnane ikkje helst- ein
sa veggen varf lutt lang.

Sp. 7.

Tjå sp. 5.

NORSK ETNOLOGISK GRANSKING

adr. NORSK FOLKEMUSEUM

BYGDØY

704

NORSK ETNOLOGISK GRANSKING

Emnenr. 5

Fylke: Sogn og Fjordane

Tilleggsspørsmålnr.

Herad: Naustdal

Emne: Vannbæring

Bygdelag: Åsedalen

Oppskr. av: M. Sollid

Gard: Sollid

(adresse): Naustdal S.fj.

G.nr. 147 Br.nr. 1.

A. Merk av om oppskrifta er etter eiga røynsle.

B. Eller om den er etter andre heimelsmenn: (ta også med alder, heimstad, yrke):

SVAR

1. Å bera heim vatn med vats-sele var den vanlegaste måten å få vatn til husar, frå den tid nokon kan minnast til vatsrøyr vart å få, og vats-spring innlagd. Vats-selen var oftast vel fyre-seg-gjord so han høvde godt til herdane og kring halsen. Vats-sele krokane var helst av tre- eine -. Og upphaldå av vidjer- duble, "snara"- tredd gjenom eit "auga" i kroken og knytt i ein jarnring som var hekta i ein kjeng driven frå undersida gjenom ytste vatsselarmane og nykte på oversida. Upphald og krok av jarn var og brukt-. Det var vel i tidi millom 1910 og 1920 at dei fleste slutta med å bera vatn o.a. i trebøttor.

Sp.2. Den nemnde måten med å bera vatn i så - kar- kjenner eg ikkje til. Men eg minnest at bestefår køyrde vatn i ein stor så- ca 2 tunnor- og hadde lok på for at vatnet ikkje skulde "skvompa" over. Men det hende berre um vinteren når bekkane (brunnane) var tome og ein køyrde på slede på snøføre. Eg kan minnest namnet Vats-så. Men um det tydde anna enn denne så-en, veit eg ikkje. Mjølki bar ein med vats-sele frå garfloren (sumarfjøset) i bøttor eller ambarar.

Sp. 3. Noko einskild ski for føring av vatn eller anna hev eg ikkje høyrte gite. Men skikjelken - liten slede på two ski- var vanleg brukt til dals i mykje snø, til å drage ved- og elles varor frå bygdi på. Det var gjerne litt breide og støde ski ein laga til å ha under skikjelken Kanskje og brukte ski som ein totte var for tunge å gå på.

Sp. 4. Tenarane var det vel som helst bar vatn. Dreng og terne. Og so gjettegutane- framande eller eigne born. Dinast var det nok kona som bar vatn. Og på smågardar utan tenarhjelp var ho nok den som helst bar vatn, med hjelp av borni.

Sp.5. Det er praktisk heilt slut på vatsbering heile året her i bygdi no. På ca 40 gardar kringum her veit eg ikkje av meir enn eit bruk som inkje hev innlagt spring i fjøset. Og 4-5 som ikkje hev i stovehus.

Her på garden er det no 45 år sidan det var innlagt vatn både i fjøs og stovehus. Eg minnest at får selde ei kvige for 40 kr. og for dei pengane kjøpte han røyr. Og ein av grannane, Olai Espe (han var den fyrste som la inn) hjelpte til med røyrleggjararbeidet. Han var so interessert i dette nye tiltaket. Og gjorde visseleg til at det kom so pass tidleg til eit skifte i metoden for vatsbyrgsla på mange gardar her ikring. Han skreiv heim røyr, og var med og la dei ned. Nå er kvar mann sin røyrleggjar og gjer arbeidet med dei faste folki på garden.

Sp. 6. Det hender at "bekkane" vert tome for vatn, eller røyrene frys i lange kuldebolkar. Og då må ein til å køyra vatn. Det er helst på slede- i tunnor eller store transportspann. I gamle dagar brukte ein nok meir å bera i det høve at brunnane ikkje heldt- um so vegen vart heller lang.

Sp. 7. Sjø sp. 5.

--- o o o o ---

NORSK ETNOLOGISK GRANSKING

adr. NORSK FOLKEMUSEUM

704

BYGDØY

Rekasskift L. Aall.